



Fylkesmannen i Vestland

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 18.10.2019
Vår ref: 2019/12195

Dykkar dato: 04.06.2019
Dykkar ref: 14/1855

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Samordna uttale med motsegn - Offentleg ettersyn - Lindås - områdeplan Ostereidet - del av 233 og 234 - etablering av trafikksikker samanbinding for mjuke trafikantar - reguleringsplan

Vi viser til melding om offentleg ettersyn av områdereguleringsplan for Ostereidet. Vi viser også til brev av 22.12.2017 der kompetanse til å samordne motsegn ble delegert til Fylkesmannen.

Fylkesmannen har fått høringsfrist til å gje samordna uttale til etter dialogmøte mellom kommunen, Statens vegvesen og Fylkesmannen.

Bakgrunn

Hovudformålet med områdeplanen er å legge til rette for god stadsutvikling på Ostereidet både ved senter- og skule-, idretts-, barnehage- og kyrkjeområdet, og å legge grunnlaget for etablering av ein trafikksikker samanbinding for mjuke trafikantar mellom desse to hovudområda.

I senterområdet viser planen strukturering av funksjonane, flytting av kollektivterminal, auka næringsareal, bustader og utbetring av avkjørsle frå E39. Ved skule-, idretts- barnehage- og kyrkjeområdet vert det lagt til rette for ny idrettshall og parkeringsplassar i tilknyting til denne, kollektivområdet ved skulane vert forbetra og vegsystemet meir trafikksikkert. I tillegg vert det opna for utviding av barnehagen, og barne- og ungdomsskulen også dersom det vert behov for dette i framtida.

Planstatus

Planområdet er på om lag 393 dekar og er i kommuneplanen sett av til sentrumsområde, bustad, offentleg eller privat tenesteyting og LNF. Planframleggget er i hovudsak i tråd med overordna plan, *Kommuneplanens arealdel 2011-2023*.

Statleg samordning

I denne saka har Fylkesmannen motteke varsel om motsegn frå Statens vegvesen (SVV), der det er peika på at deler av planen kan stride mot statlege omsyn.



Statens vegvesen si vurdering

Planframlegget tilfredsstiller ikkje Statens vegvesen sine interesser når det gjeld trafikktryggleik.

Statens vegvesen sine motsegn i planframlegget gjeld følgjande tema:

- Utforming av høgresvingefelt frå E39
- Rekkefølgjekravet om bygging av høgresvingefelt og kryssutbetring
- Rekkefølgjekravet om fortau langs fv. 393
- Byggjegrense mot E39 og fv. 393»

Vi viser elles til Statens vegvesen sitt brev av 29.07.2019 i si heilskap.

Fylkesmannen si vurdering – dialogpunkt

Fylkesmannen har elles vurdert planen ut frå eige sektoransvar for medverknad i plansaker.

Planforslaget er i hovudsak i samsvar med overordna plan. Planframlegget må bli betre på universell utforming. Støy og plankrav er også tema som kan handterast betre.

Plankrav og støy

Det er fleire områder for bustad som ikkje har plankrav. Dette er greitt dersom områdeplanen er detaljert nok til å bygge etter.

Det er plankrav til B8 og B3, men i B3 kan ein bygge inntil 5 nye bueiningar med inntil 1 sekundærhueining pr. hueining før plankravet slår inn (jf føreseg 2.1 b.). Det ser ut som 5 nye hueiningar vil føre til at område er tilnærma ferdig utbygd. Bustadområde B3 visar ikkje vegar eller plassering av leikeareal. Føreseg 4.1.1a. opnar for einebustader/tomannsbustader/firmannsbustader/rekkehus eller konsentrerte småhus med tilhøyrande tekniske anlegg, uthus, garasje/parkeringsanlegg. Det er ikkje sett tal hueiningar i føresegna, men det er ei liste i planskildringa. Verknadene for området B3 er vanskeleg å vurdere. Vi meiner B3 bør ha plankrav frå første hueining, elles bør ein ta stilling til tal hueiningar og plassering av veger og leikeareal i områdeplanen.

Det er ikkje sett krav til detaljplanlegging til B4-B7, men her er veg og leikeareal vist i plankartet. Det vert opna for 43 bustader i desse områda i planskildringa. Nesten heile leikearealet og store delar B4 ligg i gul støysone. Det er uklart kva type støykartlegging som er gjort, men det er stilt rekkefølgjekrav om ytterlegare støyutredningar med skildring av naudsynte tiltak jf føreseg 7.1. Føreseg 2.2 omhandlar krav ved søknad om tiltak og i punkt g står det at «*det må gjennomførast detaljert støyvurdering i samsvar med gjeldande retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging ved søknad om arbeid eller tiltak innanfor omsynssone/støysone vist i områdeplanen.*» Dette skal i utgangspunktet avklarast på siste plannivå og ikkje skyvast på til byggjesak.

Vi kan ikkje sjå at det er vurdert om det er mogleg å støyskerme areala tilstrekkeleg. Området bør enten ha plankrav, eller så må det visast at det er mogleg å støyskerme uteopphaldsareal tilstrekkeleg. Føreseg må vere klar på at uteoppholdsareal og leikeareal skal ha under 55 dB støy.

Universell utforming

Det er gode føreseg til universell utforming på uteareal, men det er ikkje sett krav om universell utforming av bustader. Område for offentleg og privat tenesteyting (T3) i kommuneplanen er redusert til fordel for bustader. Her vert det argumentert med at ein i framtida legg opp til at folk skal bu lengre heime. Det er då enda viktigare med universelt utforma bustader.



Planseksjonen si vurdering er at planframlegget må bli betre på universell utforming og vi bør diskutere handtering av støy og plankrav med kommunen.

Utvila dialog med kommunen

I tråd med rutinane for samordning av statlege organer har Lindås kommune, Statens vegvesen og Fylkesmannen ønska eit dialogmøte om planen, før det vert tek stilling til om det lyt fremjast motsegn. Møtet vart halde den 20.08.2019 i Statens hus.

Til stades frå Lindås

Ståle Hauge, leiar plan- og miljøutvalet

Hogne Haugsdal, assisterande rådmann

Kristin Nåmdal, leiar plan og analyse i Alver kommune

Kristin Nielsen, planleggjar

Kaia Marie Amland, planleggjar

Hans Kristian Dolmen, rådgjevar

Torunn Åsheim, Multiconsult

Agnete Grønnesby, Multiconsult

Til stades frå Fylkesmannen

Lars Sponheim, fylkesmann

Hege Brekke Hellesøe, seniorrådgjevar

Til stades frå Statens Vegvesen:

Sindre Lillebø, seksjonssjef

Marianne Skulstad, senioringeniør

Tema som vart drøfta

Fylkesmannen ønska velkommen og dialogpunktene vart så presentert og diskutert. Nedanfor gjev vi att konklusjonane på dei einskilde punkta.

Statens vegvesen sine motsegnspunkt

Statens vegvesen sine punkt vart diskutert først.

Utforming av høgresvingefelt frå E39

Utforming av høgresvingefelt frå E39 vart diskutert og ulike moglege løysingar vart presentert. Det vart konkludert med at kommunen må jobbe vidare med kryssløsing. Dette gjeld både høyre svingefelt og trafikkøy.

Rekkefølgjekravet om bygging av høgresvingefelt og kryssutbetring

Statens vegvesen meinte at rekkefølgjekravet ikkje berre skal vere knytt til utbygging av sentrumsområda, BS1-3, og kollektivområdet o_SKH, men også vert knytt til dei andre utbyggingsområda som gir trafikkvekst, deriblant område BU, B7 og B8. Kommunen meinte at rekkefølgjekrav knytt til idrettshallen ikkje burde vere naudsynt fordi dei meiner at den ikkje vil generere auka trafikk inn og ut av området fordi færre vil pendle til Knarvik. Det vart semje om at idrettshallen kan byggast utan rekkefølgjekrav. Utover dette skal det knytast rekkefølgjekrav om bygging av kryssløsing før utbygging som gir trafikkvekst.

Rekkefølgjekravet om fortau langs fv. 393



Statens vegvesen meiner det må stillast rekkjefølgjekrav om opparbeiding av fortau langs fv. 393 for alle tiltak i planområdet som gir auka transportbehov på strekninga. Statens vegvesen meiner det minimum må knytast til alle nye bustadområde, sentrumsområde og idrettshall. Det er like relevant å sikre trygg gangveg til skule og idrettsplass for bebruarar i sentrumsområdet, som å sikre trygg gangveg til sentrum og kollektivtilbod for dei som bur nær skulen. Det var semje om dette.

Det vart også semje om at det skal takast inn eit føresegn om trafikksikkerheit i anleggsperioden.

Byggjegrense mot E39 og fv. 393

Statens vegvesen krev at det vert sett minst 15 meter byggjegrense mot fv.393 og 30 meter langs E39. Byggjegrensen skal setjast ifrå vegmidt. Det vart semje om at kommunen skal gjere det. Ved av- og påkjøringsramper ved E39 godtar Staten vegvesen 15 meters byggegrense.

Fylkesmannen sine dialogpunkt

Plankrav og støy vart først diskutert. Det vart semje om at det ikkje var naudsynt med plankrav, men at plandokumenta må vise at det er mogleg å støyskjerme dei aktuelle områda på ein hensiktsmessig måte.

Det var også semje om å ta inn eit føresegn om at minimum 50 % av nye bustader skal vere universelt utforma.

Konklusjon

Fylkesmannen legg til grunn at planen vert retta opp etter avtale i dialogmøtet. Kommunen må arbeide vidare med kryssløysing ved E39. Motsegn frå Statens vegvesen vert ikkje avskore.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
avdelingsdirektør

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN
Statens vegvesen Region vest Postboks 43 6861 LEIKANGER